



Fylkesordfører
Arne Thomassen
Agder fylkeskommune

Geilo, 15.06.20

Meir bruk av lokal mat og drikke i offentleg sektor

Det overordna målet til Fjellnettverket er å arbeide for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Landbruk og matproduksjon er viktige næringar som gir arbeidsplassar og brukar lokale ressursar, sikrar trygg og variert mat. Landbruket og tilleggsnæringane er med på å sikre busetting i heile landet. Aktivt landbruk gjev òg vakre landskap og grunnlag for anna næring, som innan reiseliv og opplevingar.

Det er eit stort behov for auka matproduksjon globalt sett. Jordas befolkning veks, samstundes som klimaendringar gjer matproduksjon vanskelegare. Utnytting av lokale ressursar og produksjon av lokal mat og drikke er et bidrag for at Noreg skal nå berekraftsmåla til FN om mellom anna mattryggleik og utrydding av svolt og ivaretaking av biologisk mangfald.

Bakgrunn

Fjellnettverket meiner at for å styrke landbruket og lokal matproduksjon er det det nødvendig med politiske verkemiddel og rammevilkår som sikrar busetting, lønsemd i alle ledd i produksjonen, eit berekraftig landbruk og gode mogelegheiter for landbruk over heile landet. I utforming av verkemidlane bør områder der det er mest krevjande å drive lønnsam produksjon, prioriterast.

Fjellnettverket oppmodar no fylka til å gjere eit viktig bidrag for å styrke landbruket og lokalprodusert mat. Dei offentlege innkjøpsavtalene set rammer for kva type mat som blir kjøpt inn og bestilt. Innkjøpsavtalene er no under reforhandling og i samband med dette ynskjer Fjellnettverket at fylkeskommunane i større grad tek i bruk lokalt- og norskprodusert mat i kantiner, skuler og institusjonar. Dette bør òg gjelde på arrangement i fylkeskommunal regi.

Det er fleire grunnar til dette:

1. Sikre ein trygg og sikker matproduksjon

Norge har i dag en av verdast lågaste risiko for matsmitte. Landbruket produserer mat som sikrar folkehelse, dyrevelferd og tryggleik. Koronaviruset har sett matsikkerheit og beredskap på agendaen og ein sentral faktor er å oppretthalde og styrke dei produksjonseiningane me har i landbruket i dag.

2. Bruk av utmark

Ein stor del av den maten som produserast lokalt, brukar utmarka. I utmarka har vi store ressursar som bidreg til berekraftig matproduksjon av god kvalitet.

3. Bruk av heile landet

Kombinasjonen av kort vekstsesong, store klimavariasjonar og topologi gjer det krevjande å drive effektiv matproduksjon, men det gir også moglegheiter for å produsere mat med svært



høg kvalitet og produkt som er lokaltilpassa. Klimaendringane og andre miljøutfordringar gjer at vi bør nytte alt dyrka areal i Noreg. Innan 2050 forventast ifølgje IPCC den globale matproduksjonen å svekkast med 2% pr. tiår. Samtidig aukar det globale matbehovet på grunn av befolkningsauka og FNs målsetting om å utrydde svelt. Dette vil gjere det nødvendig med ein politikk for å utnytte det samla jordbruksarealet. Det betyr matjord i drift og aktivt landbruk på Vestlandet, i Nord-Norge og i fjellbygdene på Østlandet.

4. Kulturlandskap

Noreg har eit landbruk som helder kulturlandskapet i hevd og dette er også sentralt for norsk reiseliv.

5. Auka inntektsmoglegheiter på små bruk

Landbruket står framleis sterkt i Noreg, men næringa er utsett. Sidan 2007 er kvart femte jordbruksføretak nedlagt og dette rammar distrikta og fjellområda sterkt. Lokalsamfunna i desse områda står overfor store utfordringar som nedgang i folketal, spreidd busetting, lågare utdanningsnivå, færre nyetableringar og mindre variert næringsliv, samanlikna med sentrale strøk. Lokalmat og rammevilkår som gjer det mogeleg å drive lønsam matproduksjon over hele landet, både for små, mellomstore og store gardsbruk er heilt sentralt.

Tal frå dagligvareindustrien viser at etterspurnaden etter lokal mat og drikke er aukande i private hushald, men at det er eit potensiale for å auke innkjøpa i offentleg sektor. Dette gjeld både bruk av lokal mat og drikke i institusjonar, skuler og kantiner, men òg på arrangement der det offentlege er arrangør. Skal ein sikre lokal produksjon av mat og drikke, trengs stabil etterspurnad og avsetning på varer. Fylkeskommunane og andre offentlege etatar i fjellområda støttar ofte etablering og utvikling av lokalmat. Men Fjellnettverket etterlyser no at fylkeskommunane viser at dette er viktig i praksis.

Oppfordring frå Fjellnettverket

Fylkeskommunane kan gjennom sine innkjøp vere med å auke omsetninga av norskprodusert og lokal mat. Gjennom innkjøpsstrategiar og anbod kan fylka bidra til støtte og utvikle landbruket som er heilt sentral for å styrke lokalt næringsliv.

Styret i Fjellnettverket ber om at det blir sett krav til at det i mykje større grad blir brukt lokalprodusert og norskprodusert mat i fylkeskommunane. Innkjøpsordningane bør legge til rette slik at mindre produsentar kan levere varer og at innkjøpa følgjer sesongvariasjonane.

Auka bruk av norsk og lokalprodusert mat bør gjelde kantiner, institusjonar og skulane. Det bør òg gjelde når det er arrangement i fylkeskommunal regi.

Styret i Fjellnettverket ber om at medlemsfylka behandlar denne saka i politisk utval eller fylkesting.

Med venleg helsing

Kari Randen
Dagleg leiar
Fjellnettverket

Olav Røssum
Styreleiar
Fjellnettverket